

REFERAT

Samarbeidsmøte mellom Gulen og Masfjorden

Tid: 28. september 09:00 – 10:30.

Stad: Kommunehuset på Masfjordnes

Til stades: Kristoffer Elvebakke (Gulen kommune), Sandra Sofi Skutvik (Gulen kommune), Roald Kvingedal (Masfjorden kommune), Sveinung Toft (Masfjorden kommune), Gunnar Molland (Masfjordne kommune)

Agenda: Vassforsyning Gulen og Masfjorden. Beredskap

1. Kommunane orienterer kvarandre om hendingar, avvik og oppgraderingar siste året.
 - Gulen og Masfjorden har ikkje same oppfatning av vassoverføring over grensa. Avtalen seier 350 m³ i døgnet. Gulen opplever at det er lågare overføring. Masfjorden meina meir.
 - Kommunane må etterstrebe å få målar med augeblikkeleg avlesing i kum på grensa med sending til driftskontroll i både Gulen og Masfjorden. Det vil gjere det lettare å tilpasse vassoverføringa Masfjorden-Gulen.
2. Ved hendingar i Masfjordne i arbeidstida (som påverkar vassleveransen til Gulen) ber Gulen om at anten Kristoffer eller Sandra vert kontakta. Utanom arbeidstid er det vakttelefon til brann som er kontaktnummer.
3. Gulen får inn i intern instruks att ventil i myra (Hovden) ikkje skal opnast.
 - a. Gunnar Molland er ev. kontaktperson dersom det oppstår ekstraordinært behov.
4. Masfjorden viser pågående arbeid med ny hovudplan.
 - a. Fleire råvasskjelder har vore undersøkt i samband med å etablere potensiell reservevasskjelde. Slik det ser ut i dag, så er det grunnvatn i Tangedal som har potensiale. Her er det gode prøveresultat, med spådommar om opp til 23 l/s. Dette er nærmere Gulen, og kan potensielt sikre meir vatn til Gulen dersom det er behov for meir enn dagens 350 m³/døgnet.
 - b. Nye brønnar i Andvik er også pågåande.
 - c. Fyrsteprioritert tiltak som blir skissert er høgdebasseng på Hosteland med vesentleg større kapasitet enn i dag
5. Masfjorden informerer om at dei har 63 mm vassleidning på rull som kan nyttast ved akutte hendingar for å føre vatn forbi eventuelle leidningsbrot for å sikre mellombels vassleveranse.
6. Gulen og Masfjorden er samde i at det er fornuftig å ha årleg møte knytt til vatn og vassforsyning. Sandra kallar inn til møte kvar haust.
7. Gulen informerer om at dei skal ha møte med næringslivet i Sløvåg fredag 20. oktober for å ha dialog om framtidig vassbehov.
 - a. Gulen tek med seg informasjon om pågående arbeid med ny hovudplan på vatn i Masfjorden.
 - b. Masfjorden tilbyr å orientere næringslivet om innhaldet i ny hovudplan dersom det er ynskjeleg frå næringslivet si side.